mange høgskolar i distrikta, noko som kom fram i den siste fagevalueringa av biologisk, medisinsk og helsefagleg forskning, som Forskningsrådet gjennomførte i 2011. Evalueringa var uvanleg krass, særleg mot forskning ved mindre høgskolar, og det er ikkje den første evalueringa som seier at forskinga er for spreidd og har for stor breidd.

Hessen er kritisk til å spreie forskinga til små miljø utover heile landet.

– Forsking bør ikkje utarte til breiddeidrett. Det er eit element av elitetenking i dette, men det er ikkje ein demokratisk rett å delta i OL. Dette er ikkje berre mynta på høgskolane, men også mykje av forskinga ved universiteta.

– Du representerer eit elitemiljø innan forskning, som sikkert kan tenkje seg å få forskingsressursane sjølve?

– Ja, det blir nok lett oppfatta slik, at vi som er innanfor, ønskjer å trekke opp stigen etter oss. Eg meiner sjølv sagt ikkje at vi skal ha forbod mot at høgskolane skal søkje om forskingsmidlar, det blir heilt klart drive god forskning ved mange høgskolar, men dess fleire vi fordeler midlane på, dess mindre forskning blir det jo på kvar.

Hessen meiner distriktspolitikk har for stor makt over norsk forskingspolitikk.

– Det er bra å ha ei stor geografisk spreing av undervisningstilbod, men ein bør ikkje la det



– Sjølv om vi sit spreidde, kan miljøet ha stor forskingstyngd, meiner Liv Johanne Solheim (t.v.) og Anne-Stine Dolva ved Høgskolen i Lillehammer. Dei får støtte frå stortingspolitikar Aksel Hagen.

same gjelde for forskning, seier han.

Aksel Hagen verkar oppgitt, og meiner eit slikt standpunkt er heilt utdatert i dag.

– Det er feil inngang til debatten å setje opp eit skilje mellom utdanning og forskning. Og når ein ser kor lite forskning som trass i alt skjer ved høgskolane i distrikta, blir det noko smått over eit slikt syn. Det er småpengar som forsvinn til høgskolane. Om forskinga i distrikta ikkje er stor, er ho likevel viktig, fordi ho er praksisnær, næringslivsnær og lokalsamfunnsnær. Eg ser ei utvikling der næringslivet stadig meir kjøper forskingstenester, og dette vil føre til at lokalt næringsliv i større grad vil kople seg til forskingsinstitusjonane lokalt.

– Ikkje nok å undervise

Yvonne Fritze har møtt opp for å vise fram lokala til Filmskolen ved HiL, og Hagen blir med. I kulisserverkstaden er det eit kjempestort landskapsmaleri på heile bakveggen – ein perfekt stad for fotografering.

– Det er berre så vidt eg vågar bli fotografert her, eg som har lova at Filmskolen skal få mastergrad snart, seier stortingspolitikaren.

Fritze, som er førsteamanuensis i mediepedagogikk, er opprørt over debatten om forskning i høgskolane.

– Det verkar merkeleg å stille spørsmål ved om høgskolane skal forske, det var jo blant anna difor vi fekk distriktshøgskolar, for å få meir forskning i regionane. Forsking og undervisning

heng nøye saman. Gode undervisarar er også ofte gode forskarar, og ein kan vere meir kritisk til pensum om ein forskar sjølv. Studentane set også pris på at den som underviser, har forska innan feltet, særleg på masternivå. Det er ikkje alltid nok å undervise frå ei bok.

Fritze er dansk, og jobba i ein periode med høgare utdanning i Nordisk ministerråd. Ho viser til at høgskolane i Danmark berre driv med utviklingsbasert utdanning, ikkje med forskingsbasert utdanning som i Noreg.

– Difor er den danske lærarutdanninga heilt ruinert og er ikkje lenger attraktiv for studentane, hevdar ho.

Ho meiner også det blir uinteressant for alle med doktorutdanning å jobbe på ein høgskole som ikkje driv med forskning.

– Ein institusjon med lite forskning rangerer ikkje veldig høgt blant studentar.

Spenning i miljøet

Det er ikkje berre ved HiL ein kan finne tilsette som er overtydde om at undervisninga blir betre ved å drive eiga forskning. Marit Eriksen ved Avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Østfold er ei av dei.

– Ved å forske får ein betre kompetanse til å setje seg inn i forskingsresultat som ein tek med seg vidare inn i undervisninga. Eg har sett utviklinga her på høgskolen sidan eg byrja i 1992, og ser at vi har vorte betre til å forske, og at kvaliteten på undervisninga har vorte høgare,

uttaler Eriksen, som også sit i hovudstyret til Forskerforbundet.

Ho seier det likevel er ei spenning mellom ulike miljø ved høgskolen.

– Her ved lærarutdanninga jobbar folk med svært ulik bakgrunn. Dei som har lang undervisningserfaring frå skolen, synest ofte undervisninga er viktigast, medan dei med forskarutdanning og meir universitetserfaring er meir opptekne av forskning.

– Er undervisning sett på som mindre viktig?

– Ved lønnsforhandlingane dukkar det gjerne opp meiningsbrytingar om kva som er viktigast: undervisning eller forskning. Men eg er litt lei den polariseringa mellom FoU og undervisning. Desse må gå hand i hand.

Hessen ved UiO er ueinig.

– I den nemnde evalueringa vart det diskutert korleis ein skal tolke forskingsbasert undervisning (sjå faktaboks). Nokre tolkar det tydelegvis slik at alle som driv undervisning, også skal drive forskning. Men dette er ei stor misforståing! Ein kan og skal drive undervisning på bakgrunn av forskingsresultat, men dette er ikkje det same som at alle skal drive eiga forskning, seier han.

– Når forskning har vorte så viktig ved høgskolane, har det samband med at det ligg stor prestisje i å forske og publisere. I tillegg har vi fått ei insentivordning der institusjonane får pengar ut frå kor mykje som blir publisert. Større inntening kan fort bli eit insentiv i seg sjølv. Men slike sekundære omsyn skal ikkje vere drivkraft

– Departementet og regjeringa har fleire gonger prøvd å bremse utviklinga, men kvar gong har dei vorte overkøyrd av Stortinget.

SVEIN KYVIK, forskar ved NIFU

for forskinga. I dag har vi altfor stort press på kvantitet framfor kvalitet. Det blir sannsynlegvis publisert altfor mykje, for publiseringa si skuld. Dette er eit problem i heile academia, ikkje berre ved høgskolane, seier Hessen.

Har vorte like kvarandre

Med høgskolereforma i 1994 fekk universitet og høgskolar ei felles lov, der det vart slått fast at all statleg høgskoleutdanning skulle bygge på det fremste innan forskning.

– Det var ei form for standardisering, der alle høgskolar og universitet også fekk lik stillingsstruktur med førsteamanuensar og professorar med moglegheit for opprykk, seier Kyvik ved NIFU. Han held fram:

– I lovteksten vart det likevel formulert eit skilje mellom kva høgskolar og universitet skulle drive med. Universiteta skulle ha ansvar for grunnforskning og forskarutdanning, medan forskning i høgskolane skulle vere praktisk retta mot profesjonsutdanningane og mot regionale behov. Samtidig som universitet og høgskolar vart meir like kvarandre, førte skiljet til eit spenningsforhold mellom dei to institusjonstypene.

Om forskingsaktiviteten ved høgskolane ikkje

har vore høg, har det likevel vore ein jamn vekst.

– Både departementet og regjeringa har fleire gonger prøvd å bremse denne utviklinga, men kvar gong har dei vorte overkøyrd av Stortinget. Politikarar på lokalt plan har vore opptekne av å drive forskning ut frå behova i regionen og at høgskolane treng å styrke seg på dette feltet. I dag jobbar lokalpolitikarane i enkelte regionar veldig aktivt for at høgskolar skal slå seg saman til universitet, til dømes i Oppland og Hedmark.

Då må vel også forskarane ved HiL ha det regionale in mente?

– Eg vil heller seie at det regionale kjem i tillegg til mykje anna forskning. Men vi blir utfordra på dette. To av fire nye doktorgradsprogram ved det framtidige universitetet skal ha relevans for regionen, fortel Solheim.

– Det nye doktorgradsprogrammet «Innovasjon i tenesteyting i privat og offentlig sektor», som vart godkjent i desember i fjor, er utvikla i eit tverrfagleg miljø med sterk støtte i regionen. Dette var noko dei gamle universiteta ikkje behøvde å tenkje på.

Og stortingspolitikar Hagen stiller villig opp til fotografering framfor stabburet før han går. Han er trass i alt talsmann for distrikta. ■

Ved Høgskolen i Lillehammer er forskingsaktiviteten trappa opp. Målet er å bli universitet innan 2015.



Kva bruker du FoU-tida til?



SOLVEIG FRETHEIM
høgskolelektor i musikk, Høgskolen i Nesna

– Akkurat nå prøver eg å skrive med tanke på publisering av tre ulike forskingsprosjekt om «operaverkstad»

i barnehage og skole, basert på Write an Opera / Creating Opera-metoden. Skrivning blir lett ein salderingspost i kvardagen, når ein må legge vekt på undervisninga. Det er vanskeleg å finne samanhengande tid.



CHRISTINE ØYE
førsteamanuensis i sjukepleiefag, Høgskolen Stord/Haugesund, postdoktor ved Høgskolen i Bergen

– Eg forskar på omsorg og tvang i sjukeheimar og psykiske helseinsti-

tusjonar ved to ulike høgskolar. I tillegg til halv postdoktorstilling i Bergen får eg 25 prosent FoU-tid ved Høgskolen Stord/Haugesund. Så i tre år framover bruker eg 75 prosent av tida mi til forskning! Begge prosjekta har ekstern finansiering.



BENTE HAUG
førstelektor i reiseliv, Høgskolen i Finnmark

– Eg forskar på ulike prosjekt som er relevante for reiseliv og reiselivsnæringa, og skriv for publisering i internasjonale tidsskrift.

Reiselivsutdanninga ved høgskolen har ein lang tradisjon for å drive aktiv forskning. Vi får tildelt FoU-tid ut frå produksjon og publisering i løpet av dei tre siste åra.

Fakta om høgskolar

- 1965: Ottosenutvalet gjorde framlegg om yrkesfaglege høgskolar med korte universitetsstudium i distrikta.
- 1969: Dei tre første distriktshøgskolane vart etablerte.
- 1987: Hernesutvalet gjorde framlegg om sentralisering og samanslåing av høgskolar, la grunnlag for høgskolereforma.
- 1994: høgskolereforma: felles lov for universitet og høgskolar og felles stillingsstruktur, omfattande samanslåing av distriktshøgskolar med andre statlege høgskolar, blant anna lærarskolar og sjukepleie- og ingeniørutdanningar. 98 institusjonar vart reduserte til 26.

TSJEKKIA

Sier nei til studieavgifter

■ 20 av 26 universiteter motsetter seg utkastet til en omfattende universitetsreform og truer med streik, skriver Prague Daily Monitor. Reformen innebærer innføring av studieavgifter fra og med 2013, med et maksbeløp på ca. 3000 norske kroner semesteret. En gjennomsnittlig brutto månedslønn er på ca. 7700 kroner, ifølge det tsjekkiske statistikkbyrået. Universitetene protesterer også mot at professor- og amanuensistitlene ikke lenger skal ha nasjonal gyldighet, men kun skal kunne knyttes til utstedende universitet.



NORDEN

Hindrer utveksling

■ Studentutvekslingen mellom Danmark og Sverige blir hindret av nytt dansk regelverk og økte studieavgifter, skriver University World News. Nye danske regler for lik balansering av studentutveksling krever at svenske studenter må betale for emner de tar i Danmark med mindre like mange danske studenter tar de samme emnene i Sverige. Siden Sverige ikke har et slikt regelverk, stilles det ikke noe slikt krav til danske studenter. Rektor ved Lunds universitet har nå bedt myndighetene i begge land om å løse problemet. Danske myndigheter vil invitere partene til samtale.



STORBRITANNIA

– Omfattende forskningsjuks

■ 13 prosent av britiske forskere sier de har observert forskningsjuks, og 6 prosent innrømmer egen uredelighet. Det kommer frem i en undersøkelse offentliggjort av British Medical Journal. 2700 forskere ble spurt om de hadde sett eller selv utført fabrikkering eller endring av forskningsdata før publisering i fagfellelvurderte vitenskapelige tidsskrifter. Funnene karakteriseres som omfattende og skal bidra til å bedre rutiner for oppdagelse og anmeldelse av forskningsjuks, skriver Times Higher Education.



USA

Mistenker vinjuks

■ En forsker som står bak 26 vitenskapelige artikler i 11 fagfellelvurderte tidsskrifter som viser helsegevinst ved inntak av rødvin, er mistenkt for forskningsjuks, melder the University of Connecticut. Ifølge en gransking av artiklene, som er skrevet av dr. Dipak K. Das, er det funnet 145 tilfeller av fabrikkering og endring av datamateriale. Ifølge The New York Times mener flere forskere innen samme fagfelt at Das' forskning ikke er spesielt sentral, og at konsekvensene er små. Derimot retter de kritikk mot at usentral forskning har mottatt mye støtte over lang tid.

INDIA

Flere studerer

■ Indias innsats for å øke deltakelsen i høyere utdanning begynner å gi resultater. Andelen uteksaminerte skoleelever som innrulleres ved universiteter og høyskoler, har steget fra 12,5 prosent i 2007/2008 til 17,5 prosent i 2009/2010. Målet er langt mer ambisiøst: Innen 2020 ønsker myndighetene i landet at andelen skal stige til 30 prosent av de som fullfører skolegang. 200 nye universiteter og 8000 høyskoler skal være etablert de siste fem årene, men det bidrar også til enorm lærermangel, dårlig infrastruktur og lav utdanningskvalitet, skriver *University World News*.

ECUADOR

Vurderer stenging

■ 26 av landets 68 universiteter risikerer å bli stengt dersom de ikke klarer å snu den økonomiske situasjonen, melder nyhetsbyrået Prensa Latina. Universitetene er under gransking av den ecuadorianske organisasjonen for kontroll av kvalitet i høyere utdanning, Ceaaces. Ceaaces skal blant annet vurdere tilstanden til infrastrukturen, undervisning og læring, og studentrettigheter. De 26 universitetenes 47 000 studenter, som utgjør 8–9 prosent av studentene i Ecuador, skal etter loven ikke rammes. Endelig konklusjon blir fremmet i april.

VERDEN

Universitetene flytter til Asia

■ Mens Midtøsten dominerte før, har Øst-Asia overtatt som hovedmål for internasjonale universiteters ekspansjon, viser en ny rapport fra britiske The Observatory on Borderless Higher Education. Kina er et av de raskest voksende landene for etablering av satellittcampuser. I dag er Kina vertsland for sytten utenlandske universiteter, mot ti universiteter for to år siden. Singapore har atten universiteter, mot tolv i 2009. Totalt skal det være 200 internasjonale satellittuniversiteter som utsteder vitnemål rundt om i verden, mot 160 i 2009 og 82 i 2006.

IRAN

Forskere drept

■ Iran uttrykker raseri overfor Israel og USA etter at en iransk atomforsker ble drept i et attentat i januar. En motorsyklist skal ha festet en magnetisk bombe til forskerens bil i Teheran. I alt tre iranske forskere er drept i liknende hendelser de siste to årene. Ifølge The New York Times melder iranske statlige medier at Israel og USA er mistenkte for å stå bak eksplosjonen. Drapene knyttes til Irans atomprogram og vestlig frykt for at Iran skal produsere atomvåpen. Irans ambasadør i Norge sier til NRK at Iran kun utfører sin lovlige rett til å produsere atomkraft til sivil bruk.

KENYA

Krever doubling av studenttall

■ Statsråd for høyere utdanning i Kenya Margaret Kamar krever at offentlige universiteter skal doble opptaket av studenter i 2012. Målet er å gi plass til de 30 000 kvalifiserte søkerne som ikke har fått innvilget studieplass, innen 2015. Fagforeningen for de vitenskapelig ansatte Uasu motsetter seg kravet av frykt for at det skal ramme utdanningskvaliteten. Statsråden lover imidlertid økte midler for å takle veksten i studenttallet, skriver nyhetstjenesten allAfrica.com.



USA

Eliten satser på nett

■ Flere fremragende utdanningsinstitusjoner tilbyr gratis emner via internett. Sist ut er Massachusetts Institute of Technology (MIT), som skal tilby interaktiv eliteutdanning til massene, skriver Inside Higher Education. Gjennom plattformen MITx skal hvem som helst få muligheten til å jobbe med MITs kursmaterieell og oppnå diplom på gjennomført arbeid. Også ved Stanford, Yale og the University of California, Berkeley, har man gjennomført eksperimenter med nettstudier. I høst tok 23 000 nettstudenter gratis eksamen i emnet kunstig intelligens ved Stanford University, mot 175 betalende studenter på campus.

STORBRITANNIA

Rekordhøye rektorlønninger

■ Universitetsrektorer i Storbritannia har nådd en gjennomsnittslønn på tilsvarende litt i overkant av tre millioner kroner, skriver the Guardian. Det får Sally Hunt, generalsekretæren i fagforeningen the University and College Union, til å se rødt. Hun mener nivået er kritikkverdig i en tid der universitetene er rammet av store budsjettkutt og de ansattes lønner har hatt en realnedgang siden 2009. Hun krever nå at myndighetenes harde linje mot overdrevne lederlønninger også må inkludere universitetene. På toppen av lønningslisten troner rektoren ved the University of Oxford, som tjente nær fire millioner kroner.



USA

Støtter middelklassen

■ The University of California, Berkeley, tilbyr middelklassefamilier hjelp til å betale økte studieavgifter, skriver bloomberg.com. Støtten skal gå til familier med brutto årlig inntekt tilsvarende 476 000 til 833 000 kroner. Denne gruppen er hardt rammet av økte utgifter, men omfattes i liten grad av andre støtteprogrammer. Det nye programmet skal medføre at familienes utgifter til barnas studieavgifter, bøker, kost og losji maksimalt kan utgjøre 15 prosent av familiens samlede inntekter. Studieavgiftene har fra 2007 steget med 76 prosent, og statlige tilskudd til universitetet er kuttet med 28 prosent i samme periode.



USA

– Får for lite penger

■ De historisk sett afrikanskamerikanskdominerte utdanningsinstitusjonene i delstaten Maryland går til rettssak for å kreve økt støtte, melder The Washington Post. Frem til 50-tallet var svartestengt fra en rekke institusjoner, og segregeringen fortsatte til langt ut på 70-tallet. Ledelsen ved de universitetene som tradisjonelt var svarte, mener den historiske økonomiske forskjellsbehandlingen gjør at de fortsatt ikke kan konkurrere med de tradisjonelt hvite universitetene i delstaten. Til tross for at delstaten forpliktet seg til å heve nivået ved institusjonene i 2000, har forskjellsbehandlingen fortsatt, hevder saksøkerne.

HELLAS

Truer med å stenge universiteter

■ Et femtital universiteter og høyskoler kan miste all finansiering om de ikke avholder valg til sine nye styrer, skriver University World News. Det greske utdanningsdepartementet stiller ultimatumet etter at en ny lov endrer styreformen ved universitetene fra akademiske kollegier til styrer som inkluderer eksterne representanter. Universitetene ønsker å opprettholde dagens styreform og frykter at endringen fører til snikprivatisering. Fristen for å opprette nye styrer gikk ut 15. januar, men kun to av seksti institusjoner har fullført prosessen.



DEI GAMLE FJELL ER ALDRI EINS Å SJÅ.

SKRIVE I STEIN

HENRIK SVENSEN¹ I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL
FOTO: ERIK NORRUD

Om boka *Bergtatt*² hadde vore ein bergart, ville ho ha vore eit konglomerat: ein miks av geologi, fjellets idéhistorie og personlege anekdotar om Henrik Svensens forsøk på å bli ein fjellmann, alt i eit enkelt, tilgjengeleg språk. Uvant kost frå ein utøvar av nøktern naturvitskap, dette.

– Eg har vel ein formidlingstrong i meg, seier Svensen.

– Eg ville skrive for eit breitt publikum, ikkje lage ei faktabok, men noko som kan *lesast*, utan diagram og figurar. Naturvitskaplege fagartiklar har veldig strenge reglar for korleis ein må skrive, reglar for metodediskusjon og overskrifter. Du kan ikkje skrive «eg» eingong.

Det er eit *eg* i *Bergtatt*, men det skuggar ikkje for fjella. Boka er lett å lese, men var neppe lett å skrive. Innhaldet røper eit betydeleg lesearbeid. Svensen sveiper innom fjell i religionane, fjell i nasjonalromantikken, fjell i filosofi og fantasi, fjellklatrarar og fjellturistar. Og her er kolossale drama i sakte rørsle: India brasar inn i Eurasia og driv Himalaya til himmels, andre fjellkjeder blir kverna til sand av vind og vør og forsvinn.

– Å skrive ei slik bok er som å ta ein doktorgrad. Eg dreiv med research i fire–fem år. Fjell er så mykje meir enn geologi. Det er kultur, det er historie, vandring i Jotunheimen, gamle postkort. Alt dette hadde eg lyst til å ha med. I tillegg kom forsøket mitt på å bli fjellmann. Eg lukkast ikkje heilt med det, da.

Det meste av *Bergtatt* ligg langt frå det Svensen jobbar med til dagleg. Han studerer grunnleggjande bestanddelar, samlar og tolkar steinprøver og leiter etter spor frå fortida.

– Nett no jobbar eg med samanhengar mellom vulkanaktivitet, klimaendringar og masseutrydding av artar i historia. I dag såg eg til dømes på steinprøver frå Sibir, der det var ei stor vulkanhending for 250 millionar år sidan. Omtrent samtidig forsvann 95 prosent av livet på jorda, ingen veit heilt kvifor. Så eg prøver å finne ut av nokre store samanhengar.

Dette arbeidet er i slekt med den første populærvitskaplege boka til Svensen, *Enden er nær* frå 2006. Men der var det store soger, kvardagen hans er meir partikulær.

– Så utruleg mykje av vitskapen i lange periodar dreidde seg om å forstå fjella.

– Eg studerer detaljar i mikroskopet, gjer kjemiske analysar og spekulerer på atmosfærekjemiske endringar i fortida. Det er på detaljnivået. Men noko av det mest spennande i faget er korleis små detaljar kan gje svar på store spørsmål, seier Svensen.

– William Blake skreiv om «å sjå verda i eit sandkorn».³

– Det er noko i det. Det er òg noko av det eg likar med å skrive meir populærvitskapleg: Du kan famne om veldig mykje, og samtidig behalde noko av detaljrikdommen. Det gjeld ikkje berre vitskaplege detaljar, det kan òg vere det fargeskjæret du ser i ei fjellside.

Overraskande mykje av *Bergtatt* – første halvdel av boka – kan oppsummerast som ei fjellets idéhistorie. Det er ikkje tilfeldig.

– Da eg var ferdig med doktorgraden i geologi, studerte eg idéhistorie i eit par år. Eg hadde lyst til å ta ein mastergrad òg, men ein kan ikkje gjere alt

ein har lyst til, seier Svensen.

Den historiske gjennomgangen i *Bergtatt* syner òg korleis utforskinga av fjella er tett samanfiltra med anna vitskaphistorie. Geologien har i tidlegare tider vore eit langt meir sentralt fagfelt enn i dag.

– Eg vart overraska da eg oppdaga at så utruleg mykje av vitskapen i lange periodar dreidde seg om å forstå fjella. Det finst ein enorm litteratur frå 1700- og 1800-talet med forsøk på å forklare fjell, geologi og landskap. Og det fanst eit mykje større spekter av forklaringar enn i dag, ting som no verkar ganske pussige, men som like fullt er interessante.

– Det var rom for kreativiteten.

– Absolutt. Noko av det eg likar best i mi eiga forskning, er å ta tak i dei store forteljingane, til dømes historia om masseutryddingane – eit tema der ein enno veit lite. Det er framleis rom for ganske vidløftige idear.

– Ein kan lure på korleis vitskapen ville ha utvikla seg om verda var flat. Avvik og kontrastar stiller spørsmål til mennesket, det monotone krev ikkje forklaring på same vis.

– Godt poeng. Ein treng kontrastar for å stille nye spørsmål. Samtidig er det jo noko med monotonien som somme blir inspirerte av. Somme

1: Henrik Svensen er fødd i Fredrikstad i 1970. Han tok doktorgraden i geologi ved UiO i 2000. Svensen er seniorforskar ved Senter for geologiske prosessars fysikk ved UiO, og arbeider for tida med spørsmål kring vulkanar og masseutryddingar av artar.

2: Heile tittelen er *Bergtatt*. *Fjellenes historie og fascinasjonen for det opphøyde*. Boka kom ut på Aschehoug i fjor haust. Same forlag gav ut den første populærvitskaplege boka til Svensen, *Enden er nær*, i 2006.

3: Blake-diktet «Auguries of Innocence» opnar slik:
*To see a World in a Grain of Sand
And a Heaven in a Wild Flower,
Hold Infinity in the palm of your hand
And Eternity in an hour.*



får idear av å sitje og sjå på havet, det er nokså flatt og monotont. Men der har du jo havdjupe og alt det ein ikkje ser der. Idear frå geologien har sett store avtrykk i annan vitskap. I boka er Svensen innom Charles Darwin, som var vel så mykje geolog som biolog på jordomseglinga si med HMS «Beagle». Han fekk viktig inspirasjon frå geologen sir Charles Lyell, som hevda at jordskorpa har gått gjennom ei gradvis utvikling. Da kunne vel artane endre seg òg, innsåg Darwin.

– Jorda er gammal, og det meste skjer sakte. Det gjeld evolusjonen òg. Samtidig kjem iblant store geologiske endringar veldig fort, med skred eller jordskjelv som endrar landskapet. Ting som tilsynelatande alltid har vore der, er i konstant endring. Og av og til kan vi sjå det skje, seier Svensen.

Bergtatt syner geologien som ein saktegåande vitskap, som har brukt lang tid på å kome fram til nokolunde sikker kunnskap om sjølv grunnleggjande ting. Forståinga av platetektonikken, at jordskorpa er sett saman av separate plater som rører seg innbyrdes, vart til dømes ikkje etablert kunnskap før på 1970-talet.

– Det er forbløffande kort tid sidan ein hadde heilt andre idear om korleis jorda verka. Folk har spekulert på desse tinga i hundrevis av år, men først dei siste tiåra har vi fått ein overordna modell som kan forklare nesten alle observasjonane. Gjennom tida har det vore mange forsøk på å presse observasjonar inn i feil teoretiske rammeverk.

– *Kvifor tok det så lang tid før platetektonikken vart etablert som forklaring?*

– Eg trur det var fordi ein ikkje hadde undersøkt planeten godt nok. 70 prosent av jordoverflata er dekt av hav, og geologien i havbotnen var lenge nesten ikkje studert. Men framleis er det veldig mykje av jorda som er dårleg geologisk kartlagt og forstått – ikkje berre på havbotnen, men òg i fjella.

Ei av overraskingane i *Bergtatt* er kor usikker fagkunnskapen er om noko så velkjent som dei *norske* fjella. Til dømes kor gamle dei er. Spennet er avindig stort: Kanskje er fjellheimen vår 400 millionar år gammal, kanskje steig fjella opp først for 30–40 millionar år sidan.

– I dei fleste bøkene som er skrivne om fjella i Noreg, er det gjerne eit lite kapittel om geologi med fasiten: Fjella er så og så gamle, punktum. Men det er så mykje vi ikkje veit om dette.

– *Når uvisse på høgste faglege nivå er så stor, må det vere mykje tvilsamt i vanleg fjelllitteratur?*

– Det treng ikkje vere så mykje som er direkte feil, men ein omgår gjerne det som er usikkert. Det har vore vanskeleg i alle år å svare på kor gamle fjella i Noreg er. Men dette har det ikkje vore så mykje merksemd kring. Så kom det nokre danske geologar og lanserte heilt andre forklaringar enn dei vanlege for nokre år sidan. Det skapte mykje oppstyr blant norske geologar.⁴

– *At danskar skulle meine noko om dette, er jo sterkt provoserande.*

– Det har vore vanskeleg i alle år å svare på kor gamle fjella i Noreg er.

– Det er klart. Fordelen er at arbeidet deira utløyste prosjekt der norske geologar måtte setje sine eigne idear på prøve. Denne uvisse var det viktig for meg å få fram i boka. Og så har du dette med fjellkjeda, da.

«Dette med fjellkjeda» er den andre store overraskinga i boka til Svensen: Noreg har ei 2500 kilometer lang fjellkjede, ei av verdas lengste, ho strekkjer seg som ei ryggrad gjennom nesten heile landet, frå heiane i Vest-Agder til Tana i Finnmark. Men dette er få ikkje-geologar klare over, og ingen har gjeve fjellkjeda noko offisielt namn.⁵

– Når eg seier at den norske fjellkjeda ikkje har noko namn, skjønner dei færreste kva eg meiner, seier Henrik Svensen. Han vil bøte på denne mangelen og har foreslått ein namnekonkurranse for å få døypt den norske fjellkjeda.

– Eg har fått veldig god respons på dette. Turistforeininga er veldig interessert, og Norsk Geologisk Forening har sett hjula i sving for å gjere noko med saka. Eg trur at det kan kome ein nasjonal namnekonkurranse i løpet av eit år eller to.

I *Bergtatt* skriv Svensen om «det geologiske blikket»: Ein geolog kan sjå drama og dynamikk i fortida når han reiser gjennom eit landskap der andre berre ser stein.

– *Eg lika den tanken. Kva ser du etter når du lèt blikket gli over eit landskap?*

– Det er litt vanskeleg å forklare, for det er i så stor grad undermedvitet som styrer det. Men om det til dømes er sedimentære bergartar, som her i Oslo, ser eg kanskje gammal havbotn i laga med forsteina leire i ei vegskjering. Om eg ser ut over Oslo-området frå taket av Fysikkbyggingen, ser eg dei store åsane som har vore vulkanar. Eg ser Kolsås og Skaugum, dei gamle lavaplatåa. Eller eg ser ut over fjorden med store forkastingar og spora etter istida. Ved å kaste eit blikk over landskapet kan eg sjå mykje av det som har skjedd her dei siste 500 millionar åra.

– *Ein fin ting å kunne.*

– Det er det. Samtidig er det så mykje eg ikkje veit. I vegskjeringane kan eg òg sjå ting som eg ikkje aner kva er for noko – bergartar eg ikkje kjenner att, eller strukturar eg ikkje veit kva er. Men med veksande kunnskap ser ein meir. I går fekk eg eit par geologiske kart frå NGU over delar av Buskerud. Karta dekkjer område nær der eg bur, og dei gjer det mogleg for meg å sjå ting som eg ikkje har sett før.

– *Kunnskapen vår styrer kva vi ser. Men om kunnskapen er feil, legg han falske føringar. Mange sentrale geologiske teoriar har vorte forkasta.*

– Ja, geologiens måte å tileigne seg kunnskap på er veldig nær hermeneutikken. Ein må heile tida gå rundar og teste ut idear. Du ser på landskapet og steinen, går heim og les deg opp, går ut igjen og får nye oppfatningar om korleis verda heng saman. Det er eit kontinuerleg samspel mellom observasjonar, tolkingar, teoriar og idear.

– *Er verdsbiletet til geologane prega av faget? Blir ein kynisk overfor små endringar som skjer i løpet av hundreår eller tusenår, når ein arbeider med*

4: I 2007 hevda den danske geologen Søren B. Nielsen at dagens norske fjell er restar av den forsvunne kaledonske fjellkjeda, og i så fall er mykje eldre enn ein har trudd. Debatten vart amper. I det danske tidsskriftet *GeologiskNyt* kom innlegg med titlar som «Norges fjell – det skråpelige luft-slott», skriv Svensen.

5: Den svenske geografen Erik Ljungner foreslo namnet «Skandes» på 1940-talet, utan å få særleg gjennomslag.



prosesser som går over hundrevis av millioner år?

– Det kan hende. Og forholdet som geologane har til tida, har andre konsekvensar òg. Geologane var lenge ganske avventande da det vart snakk om menneskeskapte klimaendringar. Perspektivet deira var prega av alt som har skjedd før i jordas historie. Det har vore veldig varmt før, det har vore istider før. I tillegg jobbar veldig mange geologar i oljeselskap, og slikt kan òg prege utsynet.

– *Ja, geologane har vore godt representerte blant dei såkalla klimaskeptikarane. Men er dette i endring?*

– Eg trur det har endra seg ganske mykje. For ti år sidan var det vanlegare å møte geologar som sa at alt har jo skjedd før, så klimaendringar er ikkje noko å bry seg om. Men det kjem nye folk inn i faget som er opplærde i eit paradigme der menneske faktisk kan endre klimaet.

Henrik Svensen er ein av svært få norske naturvitarar som skriv populærvitenskapleg.⁶

– *Det er ikkje meritterande for deg som forskar, dette strevet?*

– Nei, det er ikkje det. Men eg er veldig glad i å skrive, og dette er noko eg driv med på fritida. Eg har produsert nok fagartiklar, så eg ofrar ikkje den vitskaplege karrieren for dette.

– *På kva måtar er forfattarambisjonane like eller ulike forskarambisjonane?*

– Sett på spissen: I baa tilfelle er det verdsherredøme eg er ute etter.

Eg vil at fagartiklane mine skal bli brukte av andre. Eg ønskjer ikkje at kunnskapen eg finn, skal gå i gløymeboka. Det er noko av det same med bøkene: Eg vil at dei skal lesast, at offentlegheita skal ta tak i dei. Og eg vil gjerne gje ei leseoppleving. Eg hadde litterære ambisjonar med *Bergtatt*, samtidig som det er kunnskap der som eg vil ha ut, seier Svensen.

– *Bergtatt gav meg ei kjensle av at du har ein romantisk lengt etter tider da naturvitenskap, litteratur og kunst hang tettare saman.?*

– Kanskje det. Eg kan sakne koplingane mellom forskarar, kunstnarar og forfattarar. Eg veit ikkje heilt om dette spelar noka rolle for forskinga mi. Men det eg har lese under arbeidet med *Bergtatt*, er med meg vidare. Eg er langt meir medviten om historia til jorda enn før, seier Svensen.

– Lesinga har gjort noko med meg, det er der når eg ser på landskapet. Og eg har fått idear som både kan bli til nye bøker eller forskingsprosjekt. Det er spennande å arbeide slik. Når du byrjar å grave deg ned i noko, veit du ikkje kor du endar opp. ■

Per Anders Todal er frilansar i Forskerforum og fast journalist i Dag og Tid.

6: I bloggen sin på forskning.no har Henrik Svensen talt opp norske utgjevingar i kategorien «litterær sakprosa med naturvitenskapelig innhold» dei to siste åra. Resultat: to bøker i 2010, fire i 2011.



I boka *Bergtatt* skildrar Henrik Svensen mellom anna dei mislukka forsøka sine på å bli fjellklatrar. Fjellet på toppen av Fysikkbygningen ved UiO var derimot ei overkomeleg utfordring.

Et av verdens beste eksempler på den nye typen langrennsløpere, sprinteren Ola Vigen Hattestad. (Foto: Scanpix)



PROSJEKT: Physiological & biomechanical determinations of performance in modern elite skiing. INSTITUSJON: Norges idrettshøgskole (NIH). FAGRETNING: idrettsvitenskap. FINANSIERING: doktorgradsstipend, NIH. PUBLISERINGSFORM: artikler, avhandling. MATERIALE: eliteutøvere i langrenn. UUNNVÆRLIG VERKTØY: rulleskitredemølle. NY KUNNSKAP: Anaerob kapasitet (musklenes energifrigjøring uten tilgang til oksygen) er en viktig faktor i moderne langrenn og da spesielt i sprintlangrenn.

HVEM: Thomas Losnegard, stipendiat ved Idrettshøgskolen

HVA: studerer hva som bestemmer prestasjonen i langrenn

HVORDAN: tester energiforbruk hos norske utøvere på elitenivå

AV SIRI LINDSTAD

Jakter én prosent forbedring

Langrennsløpere er ikke hva de var. Bjørn Dæhlie er riktignok fortsatt tidenes mestvinnende vinterolympier. Men stipendiat Thomas Losnegard tviler på at Dæhlie hadde hatt en sjanse om han hadde stilt til start på de nye sprintdistansene som har utviklet seg.

– Om du ser på Ola Vigen Hattestad, verdensmester i sprint, er han en helt annen type løper enn hva Dæhlie var. Han kan ikke gå fort på lengre distanser, men er veldig god på korte. Sprinterne er ofte tyngre og lengre samt har høyere BMI. Bjørn Dæhlie hadde en mye bedre kondisjon enn det Vigen Hattestad har, men på langt nær evnen til å skape så stor fart over to–tre minutter. Dæhlie hadde med andre ord en helt annen type utholdenhet enn Vigen Hattestad har.

Kortere og kortere

Inntil nylig var det bare distansene 10–50 km som gjaldt for mannlige skiløpere. Skirenn innebar å se langrennsløperne legge av sted til skogs for så å dukke opp i tv-bildet nå og da, eller suse forbi det bålblendende publikummet langsmed løypa. I dag rekker man knapt å si grillpølse før løpet er kjørt, i alle fall når det sprintes.

Men det heter jo altså *langrenn*. Er det ikke da ganske tåpelig at løperne bare skal gå kortere og kortere?

– Jo, for så vidt. En del av de nye øvelsene er da også utviklet for å passe tv-publikummet. Samtidig har du i dag som langrennsløper større valgmuligheter enn for tjue år siden. Man spesialiserte seg mer, og dermed kan flere typer løpere hevde seg.

Skanner hele kroppen

Men hva gjør hvilke løpere gode, bortsett fra villvilje, et uendelig antall treningstimer og et solid støtteapparat?

Det er det Losnegard forsøker å finne mer ut av i sitt doktorgradsprosjekt.

Spesielt er han interessert i å finne ut hva som skjer i musklene til utøverne. Såkalt elektromyografi (EMG) har vært den vanligste metoden innen idrettsforskningen. Der måler du aktiviteten i muskulaturen ved hjelp av sensorer som festes på huden.

– Som de første har vi imidlertid her tatt i bruk PET-skanning under en helkroppsbegivelse

som langrenn, en metode som ofte brukes for å identifisere kreft. Kreftceller har nemlig en veldig stor energiomsetning. Om man injiserer et stoff i kroppen og deretter putter personen inn i en skanner, vil de cellene med størst energiomsetning lyse opp på skjermbildet, og dermed finner man kreftcellene.

Med PET-skanneren kan forskerne få et bilde



– De beste langrennsløperne har over dobbelt så god kondisjon som en vanlig mann i gata, sier langrennsforsker Thomas Losnegard. (Foto: Anne Elisabeth Næss)



– Hvorfor er noen i form når de skal, og andre ikke? Det er sånt som er ekstremt vanskelig å forske på, sier Thomas Losnegard, her med studenter fra Norges idrettshøgskole. (Foto: Anne Elisabeth Næss)

av hele kroppen, og dessuten studere muskler som ligger dypere i kroppen, ikke bare i utvalgte deler av den. Losnegard og kollegaene bruker metoden for å se hvilke muskler som har vært mest aktive under en langrennsteknikk.

– Gjennom et kateter i armen på utøveren injiserer vi et slags «luresukker». Utøveren staker så i et stakeapparat en viss tid, for deretter å legges i en skanner i to timer. Mens den går fram og tilbake, får vi et veldig detaljert bilde av hele forsøkspersonens kropp og kan se hvor i kroppen sukkeret har blitt tatt opp, altså hvilke muskler som har jobbet mest.

Når vi vet det, blir det lettere å finne riktig form for eksempel styrketrening, men også om man bruker de samme musklene om man trener rolig kontra hardt. Dette er viktig informasjon når vi ønsker å trene mest mulig spesifikt på det vi skal bli gode på.

Danser og padler

Og spesifikk trening må til, blant annet for å kunne stake så mye som utøverne gjør nå. I dag

finnes det løpere som staker seg gjennom hele Vasaloppet – ni mil!

– Under staking står du med skiene rett fram i løypa, og så bruker du overkroppen. Men jo fortere du staker, jo mer bruker du beina, viser det seg. For skal du skape kraft, må du bøye beina og reise deg opp. Det er det kanskje ikke så mange som tenker over. Skal du først stake under trening, kan det derfor lønne seg å trene litt tøffere og hurtigere, for da trener du musklene i beina bedre enn om du staker sakte.

Doktorgradsprosjektet tar også for seg noe litt annet, nemlig teknikkvalg i skøyting.

– Ettersom løperne befinner seg i en motbakke omtrent halvparten av tiden, blir det viktig å se hvilken skøyteknikk som gir minst energiforbruk. Vi skiller først og fremst mellom såkalt dobbeldans og padling. Om du så på Tour de Ski, ville du se at det varierte hva løperne valgte å bruke. Det dreier seg om ulike måter å sette stavene på, enkelt sagt: På dobbeldans tar man ett stavgang for hvert skøy, mens på padling tar man bare ett stavgang på annethvert skøy. Og siden vi ser at løperne velger forskjellig teknikk under samme forhold, tenkte vi at ok, da lager vi et prosjekt der vi forsøker å finne ut hva de bør velge.

Ulike gir

Oksygenopptak er et viktig stikkord. Det er et mål for kroppens evne til å ta opp oksygen i løpet av en viss tidsperiode og kan brukes som indikator på utholdenhetsnivået – kondisjonen – og hvor mye energi løpere bruker på å forflytte seg over en gitt distanse eller tid.

I testen lar de utøverne gå på rulleskitredemølle, koblet til et apparat som måler oksygenopptaket, der både padling og dobbeldans blir testet.

– Vi er ute etter å få vite om det er noen forskjell i hvor mye energi løperen bruker avhengig av teknikk.

– Og er det det?

– Nei.

– Nei ...?

– Nei, i gjennomsnitt ser vi ingen forskjell mellom teknikkene, noe som er litt motstridende i forhold til hva tidligere studier har vist. Grunnen er trolig at vi ikke forsker på mosjonister, som nok helt klart burde ha brukt padling. Eliteløpere er derimot så gjennomtrente i alle teknikker at der spiller det ingen rolle. Tvert imot er det bare bra at de veksler mellom ulike teknikker, for da bruker de ulike muskler.

– Men hva avgjør da hvilken teknikk de bruker?

– Teknikk er ofte veldig individuelt. Men løperne planlegger både i forkant av og underveis i løpet hvilke teknikker de skal bruke hvor. Hastighet er en viktig faktor. Vi sier at det finnes ulike gir i langrenn. Jo fortere det går, jo tyngre gir bruker du. Og jo fortere det går, jo mer hensiktsmessig er nok dobbeldansteknikken. Går det middels fort, kan man veksle, og er farten lav, vil sannsynligvis padling være den beste teknikken.

I Tour de Ski valgte alle padling i den såkalte Monsterbakken, ettersom farten der var veldig lav. På det bratteste måtte de til og med bruke den sakteste teknikken: «glidende fiskebein».

Byttehandel

Men hvordan får man en eliteløper med ambisiøst treningsregime og mange reisedager til å gidde å legge seg i en PET-skanner i to timer?

– Å få utøverne til å gjøre det vi vil, er kanskje den største utfordringen ved hele doktorgraden. Så vi inngår en byttehandel. Vi tilbyr tester som de er interessert i, i bytte mot at vi kan kjøre ett til to prosjekter per år der vi bruker dem som forsøkspersoner. På den måten sikrer vi at løperne er motiverte for testingen, og ikke minst at de behersker for eksempel tredemøllene våre godt.

For nei, det hadde ikke blitt det samme å hanke inn en alminnelig Birken-entusiast.

– Mye idrettsforskning handler om mosjonister og vanlig godt trente personer. I doktorgradsprosjektet mitt er det eliteløperne det handler om, norske utøvere som er helt i verdenstoppen. Eventuelle forbedringer her vil være helt forskjellige fra de man ser hos mosjonister. Blir de én prosent bedre, er det kjempebra!

Jevn interesse

Langrenn har evnet å fornye seg i tide, mener Losnegard, og dermed har interessen for sporten holdt seg.

– Men dette er ingen stor sport på verdensbasis, og det er få utøvere sammenlignet med for eksempel friidrett. Derfor er det grenser for hvor spesialisert idretten kan bli. På den andre siden var det løpere fra fem ulike land og to kontinenter som i år inntok de fem øverste plassene i Tour de Ski på herresiden. Hadde man fått med USA i større grad, ville nok det økt interessen ytterligere.

Senter for trening og prestasjon

- studerer planlegging og gjennomføring av aktivitet innen toppidrett, barneidrett, ungdomsidrett og mosjonsidrett
- fagområdene er coaching, treningslære og bevegelseslære
- driver forskning innen mange idretter og aktiviteter, med hovedfokus på fotball og ski
- tolv ansatte, hvorav tre stipendiater



Finnmark, 1909

Bildet viser en familiegruppe i samisk drakt, oppstilt foran en gamme ved Adamsfjordfossen, Lebesby i Finnmark. Bildet er en del av en serie fra en forskningsreise i Øst-Finnmark i 1909. Fotografen er botaniker Hanna Marie Resvoll-Holmsen (1873–1943). Ifølge den knappe følgeteksten hos Digitalt Museum er «piken t.h. antakelig Valborg» (etternavn er ikke oppgitt), mens vi ser hesjer til venstre.

Resvoll-Holmsen var født i Vågå og dosent i plantegeografi ved Universitetet i Oslo 1921–38. Hun var en pioner i naturvernsaker og utgav en rekke arbeider om norsk plantegeografi. Hanna Marie og søsteren Thekla var de første kvinnelige botanikerne som fikk arbeid som universitetslærere. Hun var en dyktig amatørfotograf og av de tidligste naturforskere som tok i bruk fargefotografering i Norge.

Kilder: Store norske leksikon, Digitalt Museum. Norsk Folkemuseum har leid ut bildet til Forskerforum. Flere bilder av Resvoll-Holmsen er å finne på digitaltmuseum.no.



Professorenes århundre

Depresjonene herjet. Tiden strakk ikke til. Men én ting hadde professorene på 1800-tallet: prestisje.

Å være professor på 1800-tallet var å være veldig mye mer enn bare universitetsansatt.

– Jeg vil vel ikke si at professorene dominerte politikken, men det er ikke så langt unna. En periode var for eksempel tre av Oslo-benkens fire stortingsrepresentanter professorer ved universitetet, forteller Jan Eivind Myhre. Han er professor i historie og har skrevet om disse «kunnskapsbærerne», professorene, i historieverket som Universitetet i Oslo nylig ga ut i forbindelse med 200-årsjubileet.

Professorene var også sentrale i de tidlige avisene, de var framtredende i organisasjonslivet, og mange var forfattere. De var kort sagt overalt. Men det kostet.

– De fleste av 1800-tallets 161 professorer ble jo gamle, så det var ikke det. Men det påfallende er at så å si alle led av dårlig psykisk helse.

Administrative åk

